

Forslagsstiller: Avdelingsstyret  
Forslag til vedtak: Årsmøte vedtar avdelingsstyrets forslag til fastsetting av representantskapets storleik og samansetning og retningslinjer for arbeidet i representantskapet.

*Grunngjevnad:*

*Det er viktig at Representantskapets medlemmer gjenspeiler medlemsmassen og at dagsorden blir satt i forhold til saker prioritert i Handlingsprogrammet for årsmøteperioden. Møteleiing, innkalling og protokoller skal sikre representantskapet sine medlemmer ein god forståing for aktiv møtedeltaking.*

## FASTSETTING AV REPRESENTANTSKAPETS STORLEIK OG SAMANSETNING 2024 - 2026

### STORLEIK OG SAMANSETNING:

I vedtektene, § 11.4 Avdelinga sitt representantskap heiter det:

**«Representantskapet er avdelinga sitt høgaste organ mellom årsmøta. Representantskapet består av valte representantar frå klubber, samt styret i avdelinga, inklusive landsstyrerepresentanten, leiarar for avdelinga sine utval og representantar frå FO-studentane. Storleik og samansetning av representantskapet blir vedtatt av årsmøte»**

Avdelingsstyret har i sitt forslaget av representantskapet lagt til grunn ein vidareføring av modellen nytta i denne perioden der fylket er inndelt etter geografiske område og tariffområde. I tillegg kjem dei vedtektsfesta representantane, avdelingsstyret, leiarar av rådgivande utval og studentrepresentantane. Avdelingsstyret foreslår eit representantskap med omlag 90 representantar.

Endringar på grunn av fleire eller færre medlemmer blir endra fortløpande. Dersom det vert endringar som tilseier annan representasjon, kan representantskapet fatta vedtak om dette. Det skal haldast minimum to representantskapsmøte i året jf. vedtektene.

Representantskapet skal gjenspeile medlemsmassen på dei ulike arbeidsgjevar- og klubbområder. Følgjande utrekning skal leggest til grunn:

FORDELING:	
1 til 25	1 representant
26 til 50	2 representantar
51 til 100	3 representantar
101 til 175	4 representantar
176 til 250	5 representantar
251 til 325	6 representantar
326 til 400	7 representantar
Deretter blir gitt 1 representant pr 100 opp til 1001	

	MEDLEMMER (14.02.24)	TALL REPRESENTANTER	Talet på kommunar 2024
Bergen	1247	13	1
Region Nordhordland	191	5	6
Austrheim	6		
Fedje	0		
Osterøy	32		
Alver	153		
Masfjorden	0		
Modalen	0		
	Medlemmer	Representanter	Kommuner
Region Midhordland	261	5	4
Askøy	71		
Øygarden	112		
Bjørnafjorden	75		
Samnanger	3		
	Medlemmer	Representantar	Kommunar
Region Sunnhordland	227	5	8
Austevoll	16		
Bømlo	31		
Etne	3		
Fitjar	12		
Kvinnherad	41		
Stord	92		
Sveio	20		
Tysnes	12		
	Medlemmer	Representantar	Kommunar
Region Hardanger	120	4	6
Eidfjord	0		
Voss Herad	62		
Kvam	23		
Ullensvang	30		
Ulvik Herad	1		
Vaksdal	4		
	Medlemmer	Representantar	Kommunar
Region Sunnfjord	108	4	7
Sunnfjord	72		
Askvoll	10		
Fjaler	14		
Hyllestad	2		
Høyanger	5		
Gulen	5		
Solund	0		
	Medlemmer	Representantar	Kommunar

Region Nordfjord	157	4	5
Kinn	40		
Bremanger	7		
Stad	63		
Gloppen	27		
Stryn	20		
	Medlemmer	Representantar	Kommunar
Region Sogn	114	4	6
Sogndal	42		
Vik	9		
Luster	7		
Aurland	2		
Lærdal	8		
Årdal	45		
	Medlemmer	Representantar	
Vestland Fylkeskommune	21	1	
Talet på representantar frå KS:	2446	45	44
	Medlemmer	Representantar	
Spekter Helse			
Helse Bergen m/ Bergensklinikkene	280	5	
Helse Fonna	21	1	
Helse Førde	55	3	
Norce	2		
Tal representantar Spekter	358	9	
	Medlemmer	Representantar	
Staten			
NAV	36	2	
Kriminalomsorga/fengsel	19	1	
UDI	1		
Politi	11	1	
Konfliktrådene	5		
Bufetat	215	5	
Statsforvalteren i Vestland	18	1	
Høgskulen på Vestlandet	60		
Universitetet i Bergen	1		
Statped	2	3	
Talet på representantar Staten	368	13	
	Medlemmer	Representantar	
Virke			
Helse og sosial	30		
Spesialisthelsetenesta	39		
utdanning	4		
verksemder	66		
Tal representantar Virke-Huk	139	4	

	Medlemmer	Representantar	
NHO			
Abelia 453	39		
Abelia	5		
NHO service	2		
NHO service 453	59		
Andre	16		
Tal representantar NHO	121	3	
	Medlemmer	Representantar	
ASVL	3		
Tal representantar ASVL		1	
	Medlemmer	Representantar	
Private			
Utan avtale	46		
Direkte avtale	7		
Tal representantar Private		2	
	Medlemmer	Representantar	
Samfunnsbedriftene (tidligere KS Bedrift)			
Stiftinga Voss barneheim	15		
Tal representanter Samfunnsbedriftene		1	
	Medlemmer	Representantar	
Styret (m/3 vara)	16	16	
Studentar	to studiestader	2	
Utvalsleiarar	Int, senior, KPU	3	
Tal representantar styre/utval		21	
Rep.skap totalt		99	

### NETTVERKSMØTER/ FORBEREDANDE MØTER

Avdelinga inviterer til digitale formøter for Bergen kommune og regionane innfor KS, samt innfor tariffområda Stat/ Spekter Helse/ Virke/NHO/private i forkant av representantskaps- og årsmøte. Innkallinga vil gå til valte representantar/ vararepresentantar og hovudtillitsvalte og tema vil vere drøfting av saker til representantskap/årsmøte.

### INNKALLING

I vedtektene heiter det:

**«Representantskapets medlemmer blir innkalla med minst fire veker varsel. Avdelingsstyret kallar elles inn representantskapet når det finner det påkravd eller når minst 2/3 av representantskapets medlemmer krev det.»**

FO Vestland sender ut innkalling seinast 4 veker før møte.

Innkalling med dagsorden skal sendes ut senast 14 dagar før møte. Vedlagt innkalling følger:

- Dagsorden med tidsplan
- Sakspapir, med saksutgreiinga som i størst mogleg grad tar med ulike tilnærmingar og som problematiserer tema.
- Liste over medlemmer i representantskapet

- Protokoll frå førige møte
- Innkalling blir lagt ut på avdelinga si heimeside

### MØTEPLIKT/FORFALL

Det er møteplikt i representantskapsmøta. Representantane skal melde seg på representantskapsmøta på kursportalen. Dersom representanten eller personleg vara ikkje kan møte, eller det er behov for å vere fråverande deler av møte, må det søkjast permisjon. Permisjonssøknad sendes i forkant til fylkeskontoret på e-post: [post@vestland.fo.no](mailto:post@vestland.fo.no), eventuelt leverast møteleiar ved møtestart. Søknaden behandlast i Representantskapsmøte.

Kvart tariffområde/KS-region vel sine representantar og vara- representantar etter ein fordelingsnøkkel jf. oversikta over.

Namn på representant og vara representant må meldast inn til eigen arbeidsgjevar i høve permisjonsrettar som organisasjonstillitsvalt. Vidare må representanten kalle inn sin vara dersom ein ikkje kan møte sjølv i representantskapet, sakspapira vert sendt til både representantar og vara frå avdelinga. Fast møtande representant gir beskjed til avdelinga om kven som møter til representantskapsmøtet.

### MØTEDRIFT

I byrjinga av kvart representantskapsmøte blir det gjennomført val/konstituera til følgjande:

- **Møteleiarar** – Avdelingsstyret foreslår og det veljast to personar frå styret
- **Redaksjonskomité** – forslag om 3- 4 medlemmer. Dei som blir valt som medlem må rekne med arbeid ut over vanleg møtetid i samband med gjennomgang av innkomne forslag og utarbeiding av redaksjonskomiteen si innstilling som skal føreligge representantskapet for vedtak.
- **Protokollfører** – nestleiar er protokollfører og vara er avdelingssekretær som sitter i arbeidsutvalet.
- **Protokollkomité** – Det veljast 2 medlemmer. Protokollkomiteen godkjenner protokollen på vegne av representantskapet. Dei som blir valt, må derfor særleg følge med på saksbehandlinga i møta i forhold til forslag som blir fremma (av kven) og vedtak. Dette fordi ein etter møteslutt skal sitte saman med protokollfører og skrive under og kontrollere at protokollen er korrekt. Dette tilseier at ein ikkje kan forlate møte rett etter møteslutt.
- **Teljekorps** – det veljast 2 medlemmer. Desse får ansvaret for å sørge for opteljing ved votering/vedtak.

### SAKER

I vedtektene heiter det:

«Representantskapet behandlar forslag til saker og val av delegatar til landsmøte, og nominasjon av representantar til landsstyret med vara. Dette skjer innan dei fristar som går fram av §5.

Representantskapsmøte vel året før årsmøte ein sette- valkomité på tre medlemmer som er samansett av ein frå kvar profesjon. Settevalkomiteen innstiller på medlemmer til valkomiteen som skal veljast på årsmøte, og fungerer mellom årsmøta.

Det første representantskapsmøte i det året det ikkje er årsmøte, vedtar avdelinga sitt budsjett samt godkjenner avdelinga sitt rekneskap for føregåande år.»

Representantskapet er eit vedtaksorgan og avdelinga sitt Handlingsprogram er styrande for saker til representantskapsmøtet.

Medlemmer av representantskapet kan fremme saker til møte. For at sakene skal kunne bli satt på dagsorden må de meldes til avdelinga innan utsending av innkalling med saksdokument, som er 14 dagar før møte. Dersom representantane har saker til «Eventuelt» bør det meldes seinast ved oppstart av møte.

### MØTEPLAN

I vedtektene heiter det:

**«Avdelingsstyret innkallar representantskapet til møte minst to gangar i året»**

FO Vestland vil i denne årsmøteperioden ha følgjande møtefrekvens:

Det året det er årsmøte blir det i tillegg to representantskapsmøte, eit dagsmøte og eit møter som går over to dagar. Det året det ikkje er årsmøte blir det minimum to representantskapsmøte jf. vedtektene.

### STEMMERETT

I vedtektene heiter det:

**«Alle saker i representantskapet blir avgjort med alminneleg fleirtal. Ved stemme-likskap gjelder leiar si stemme som dobbeltstemme, unntatt ved val av leiar, då blir valet avgjort ved loddtrekning etter andre gangs votering»**

### PROTOKOLL

I vedtektene heiter det:

**«Det føres protokoll frå representantskapsmøta»**

Protokoll blir sendt ut til medlemmene innan 14 dagar etter møte. Protokoll blir lagt ut på avdelinga si heimeside/ teamskanal.